

Haustetidsvurderingar av eple i veke 37, måndag 7. sept.

Det er teke ut nye haustetidsprøvar i sortane Discovery, Summerred og Raud Gravenstein måndag 7. september. Prøvar av Discovery er frå seine felt, tidlege felt er under hausting eller er ferdig med fyrste runde. Tidlege felt med Summerred er haustklar hakk i hæl på Discovery. Utviklinga i Raud Gravenstein har gått seint siste veka.

Discovery

Dei to prøvane av Discovery er frå dei seinaste felta frå forrige måling. Både dekkfarge og grunnfarge er på plass og sukkerinnhaldet er høgt. Men begge prøvane har enno litt låge verdjar på stiveinnhald og epla har enno fast fruktkjøt. Starthausting bør difor vente nokre dagar utover denne veka. Sjøkk eigne felt og ta smakstest av frukta før plukkestart.

Discovery					Rettlei.	Til Bama*
Dyrkar	M. Andenes		K. Strand			
Adresse	Sandane		Loen			
Dato	31.08.2020	07.09.2020	31.08.2020	07.09.2020		
Prøve nr		1		2		
Fruktvekt (g)	132	151	143	154		
Avling	2 til 3	2 til 3	1 til 2	1 til 2		
Fastleik kg/cm ²	8,8	8,2	8,6	8,1	7,0-8,0	Min.7,0
Brix (% sukker)	12,1	12,5	12,9	13,9	10,8	10,8
Stive	2	3	2,6	3,8	6,0-8,0	6,0-8,0
Streif	0,363	0,218	0,257	0,154	0,09-0,16	

*30 % dekkfarge glinsande raud. Grunnfarge C3-C4

Prøve 1:



Flott farge og god smak på denne frukta, men inneheld framleis mykje stive som ved nedbryting vil gje endå betre kvalitet. Fruktkjøtet kan med fordel mjukne litt meir. Kan starthaustast ut i denne veka.

Prøve 2:



Gul grunnfarge og glinsande raud dekkfarge gjev epla ein flott utsjånad. Sukkerinnhald på 13,9 % som gjev svært god smaksvalitet. Men stivenedbrytinga har gått seint og frukta kan henge på nokre dagar til.

Summerred

Det er teke ut 5 prøvar av Summerred, tidlegaste felta er klar til starthasting utover i denne veka. Kvaliteten er fin på godt utvikla frukt. I fyrste hausteomgang må ein henga att eple med svak fargeutvikling og småfallen frukt.

Summerred						Rettlei.	* Til Bama
Dyrkar	G A Vereide	M. Andenes	K. Strand	E.T Rake	K.O.Loen		
Adresse	Sandane	Sandane	Loen	Loen	Loen		
Dato	07.09.2020	07.09.2020	07.09.2020	07.09.2020	07.09.2020		
Prøve nr	1	2	3	4	5		
Fruktvekt (g)	166	161	164	169	159		
Avling	3	2 til 3	2 til 3	2 til 3	3		
Fastleik kg/cm ²	7,3	7,3	7,8	7,5	7,3	7,0-8,0	6,0-7,0
Brix (% sukker)	11,4	10,9	11,6	11,2	10,4	10,5	10,5
Stive	4,3	5,3	3,7	3,9	5,6	5,0-7,0	
Streif	0,150	0,127	0,181	0,172	0,126	0,09-0,11	

*50 % dekkfarge. Grunnfarge C3-C4

Prøve 1:



Frukta har fått lysare gul grunnfarge og meir metning i dekkfargen siste veka. Stivenedbrytinga er godt i gang og er i optimalområdet om kort tid. Fruktfastleiken har gått ned frå 8,0 til 7,3 og tilseier at haustestart er nær føreståande. Summerred må halde kravet til fastleik i omsetninga.

Prøve 2:



Fin fargeutvikling og mjukare fruktkjøtt siste veka, samtidig som stiveinnhaldet er kome i optimalområdet gjer at plukkinga kan starte opp ut i denne veka.

Prøve 3:



Frukta har fått fin auke i sukkerinnhald siste veka og god fargeutvikling. Enno litt rikeleg stiva att i epla kopbinert med god fruktfastleik gjer at den kan hange på enno nokre dagar framover mot komande helg.

Prøve 4:



Frukta har enno litt å gå på med omdanning av meir stive til sukker. Fastleiken er redusert frå 7,8 til 7,5 og er i optimalområdet. God fargeutvikling siste veka. Kan starthauast framover mot komande helg.

Prøve 5:



Prøve nr 5 har enno litt å gå på i sukkerinnhald. Men god fargeutvikling, mjukare frukt og stiveinnhald i optimalområdet betyr at hausting kan starte opp nærmaste dagane.

Raud Gravenstein

Epla i dei tre prøvane er store, men manglar både raud dekkfarge og lys grunnfarge. Stiveinnhaldet er enno høgt og frukta blir ikkje hausteklar på ei stund. Sukkerinnhaldet i Gravenstein er som vanleg høgt i god tid før haustestart.

Ver obs på prikksjuka i storfrukta Gravenstein, eple t.h. var med i ei av prøvane. I år med lite frukt på trea og store eple blir kalsium fortynna og mangel oppstår lettare.



Raud Gravenstein					*Til Rettlei. Bama	
Dyrkar	K O Loen	E T Rake	G A Vereide			
Adresse	Loen	Loen	Sandane			
Prøve nr	1	2	3			
Dato	07.09.2020	07.09.2020	31.08.2020	07.09.2020		
Fruktvekt (g)	280	243	234	257		
Avling	1 til 2	1 til 2	1 til 2	1 til 2		
Fastleik kg/cm ²	7,9	8,0	8,3	8,2	7,0-8,0	6,0-7,0
Brix (% sukker)	11,7	11,6	11,7	11,5	10,8	10,8
Stive	2	2,1	1,8	1,5	5,0-7,0	
Streif	0,337	0,330	0,392	0,475	0,09-0,16	

* 50 % dekkfarge. Grunnfarge C3-C4

Prøve 1:



Prøve 2:



Prøve 3:



Som ein ser på dei tre Gravenstein-prøvane tek det ei tid før desse er hausteklar. Fargeutvikling manglar og snittflatene er mørke av stive.

Nye haustetidsprøvar blir uttekne måndag 14. sept.

Helsing NLR Vest

Rune Vereide